



Tor med skulpturen før han vart teke ned for restaurering for 2 år sidan.

Uskedal Båtlag har eitt flott og stolt symbol, laga av bygda sin eigen kunstnar Tor H. Myklebust. Men no har det vore under restaurering i snart 2 år og folk undrar på om det ikkje snart kjem på plass att. Aller mest utålmodig er nok kunstnaren sjølv, som er 88. Folk tykkjer at det nærmast er respektlaust at symbolet framleis er til restaurering.

Det var i 1995 han laga symbolet, som vart montert i enden av moloen som ei permanent velkomsthelsing til Uskedalen. Ståldelen som er forma som ein B vart smidd av Eidsvik Skipsbyggeri og lar seg ikkje påverka av ver og vind.

Heller ikkje båten under gjer det, for han er trykkimpregnert. Men det var verre med fundamentet, opprinneleg ein solid tømmerstokk. Den rotta innvendig og sommaren 2009 tok det til å hasta med å skifta stokken ut.. Det burde ha vore fort gjort, meiner både kunstnaren og andre. Symbolet vart plukka ned men det har så langt ikkje kome opp att.

Tor er tydeleg godt fornøgd med symbolet, som også er logo for båtlaget. Det er til og med kopiert i Spania, noko kunstnaren er tydeleg stolt av. Skjer det snart noko, Harald Erdal?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Båtlagflagget vaier over hamna, men kva med symbolet?